

Fosnavåg 06.07.10

HØYRINGSNOTAT I FORBINDELSE MED REGJERINGA SITT FORSLAG TIL NY FINANSIERING AV BARNEHAGER.

Styret i Sirlihaugen barnehage er skeptisk til fleire av punkta i forslaget.

- Forslaget seier at kommunale barnehagar med særskilt høge kostnader kan haldast utanfor tilskotsgrunnlaget. Kven bestemmer kva som er særskilt høgt? Vi meiner at dette vil true opptrappinga mot 100% likeverdig behandling, ein går eit skritt tilbake i staden for eit skritt fram.
- Det er også slik i dagens barnehage at der er fleire born under 3 år enn tidlegare. Desse tel for to, og kostar såleis meir. Slik det har vore no har vi fått dobbelt so mykje statsstøtte, noko som har gjort at vi har kunne tatt inn fleire små. I forslaget ligg det føre at det skal verte mindre på dei små. Dette uroar oss fordi vi har valt å køyre på ein modell som seier 3 barn pr. vaksen når borna er under 3 år. Dette kostar sjølvsagt av di du ikkje får like mykje foreldrebetaling som på ei stor avdeling. Dersom realiteten vert mindre støtte på dei små så tvinger de oss til å auke talet på barn pr. vaksen, dette vil igjen gå utover kvaliteten. Vi er også i ei kommune med full barnehagedekning noko som gjer at vi går med ledig kapasitet, og på grunn av det måtte ta inn fleire små denne varen.
- Ein annan ting som vi er ganske opprørt over er forslaget om at viss drifta må opphøyre kan kommunen krevje tilbakebetaling av støtte m.m. Dette er ein andelsbarnehage der ev. overskot går tilbake til drifta av barnehagen. Det er foreldre som har bygt opp barnehagen over fleire år og då føler vi at dette er eit forslag som fell på si eiga urimeligheit.
- Det at kvar enkelt kommune skal sitje å bestemme kor mykje kvar enkelt barnehage skal få meiner vi er feil vei å gå. Slik vi ser det fører det til meir arbeid på kommunane, og mykje meir administrasjon enn nødvendig. Kvifor skal ein på død og liv endre på ting som har fungert i alle år? I mange år var det rimelig greitt å lage eit budsjett når vi viste kva statsstøtte vi fekk. Dei siste åra har det vore litt verre av di vi ikkje har visst den kommunale støtta før i juni inneverande budsjettår. Ein skal ha rimeleg høg likviditet for å kunne drive på denne måten. Når då statsstøtta fell vekk so vert ting ganske uforutsigbart. I tillegg har vi max pris i barnehagen, og har ingen muligheit til å påverke inntektene våre. Vi meiner at dette kan få uheldige konsekvensar, og tilskotet vil verte ulikt frå kommune til kommune. Vi spør oss difor om kvar likebehandlingstanken er her?

- Slik forslaget om fastsetjing av kapitaltilskot vil dette ramme dei mange private barnehagane som er etablert i løpet av dei siste åra. Bur du i ei kommune med mange gamle kommunale barnehagar som har lite kapitalkostnader kan dette slå veldig feil ut for dei private.
- Det er ei kjensgjerning at hadde det ikkje vore for det private initiativ så hadde det ikkje vore rare barnehagedekninga i mange kommunar. Slik dette forslaget ligg føre vil kvaliteten i barnehagane stå i fare, og mange vil få problem på lengre sikt. Der ligg t.d. ikkje føre noko minimumsgaranti til støtte noko vi syns er veldig rart. Så vår oppmoding er at de må tenkje dykk godt om, og sjå på konsekvensane av forslaget som kan rasere mange av dei private barnehagane.

Mvh

Styret i Sirlihaugen barnehage.

Hanne Reite

-styreleiar-

Bodil Karin Kvalsund

Bodil Karin Kvalsund

-dagleg leiar-